

## Årsmelding for Batnfjord G7/G8 sesongen 2020 (født 2012/2013)

Batnfjord G8 har hatt seks gutar i spelargruppa dette året.

- Håkon Veum Sjømæling
- Even Høgset Hals
- Emil Bjerkeset
- Marius Hoem-Kalvøy
- Ayman Alamin
- Ludvik Sæter Rød



*Frå venstre: Hanna V. Sjømæling, Emil Bjerkeset, Håkon V. Sjømæling, Marius Hoem-Kalvøy, Even Høgset Hals, Ludvik Sæter Rød og Ayman Alamin.*

**Støtteapparatet** til Batnfjord G7/G8 har bestått av:

Trenar: Oddmund Bjerkeset


Lagleder: Ingvild D. Sæter

### **Treningar og samarbeid med J 7/8**

Denne sesongen har vi hatt felles treningar med jenter 7/8 år og dette har fungert bra. På grunn av koronaen hadde guttelaget ein lengre sesong, men enkelte av jentene var med på både trening og kamp, slik at vi vart fleire spelarar. Dette har fungert veldig bra. Vi håpar å kunne fortsette samarbeidet neste sesong, då det ser ut som at vi ikkje blir så mange fleire neste sesong heller.

Guttane på laget er ivrige i komme på trening, og vi både starta med trening i juni, ei god stund før jentelaget og vi hadde treningar heilt ut i november. Regne eller vind, det gjer ingenting for denne gjengen. Det har stort sett gått greit med få på trening, men fleire uttrykte at det var artigare med treningar i lag med jentelaget, fordi at da var dei fleire.

Vi må også takke jentelaget for at vi har fått ha treningar i lag med dei, og til jentene som var med oss på kamp, slik at vi vart nok spelarar.



## Fairplay

Vi har gjennomført fairplayhelsing uten handtrykk på grunn av koronaen. Laget skjønner meir av Fairplay denne sesongen, men vi bør nok ta opp dette enda grundigare før og under neste sesong. Sesongen har vore litt spesiell og kampane begynte litt «brått» på når sesongen endeleg kom i gang.

## Kampsesongen

Vi har spelt 5ar fotball og var satt opp i samme avdeling som Frei, Nordlandet, Dahle og Smøla. Kampane ikkje opp før i slutten av august på grunn av koronaen. Kretsen hadde satt opp enkeltkampar, men fleire av laga ønska miniturnering. Derfor vart det ein miks, med enkeltkampar og miniturneringar, som ofte vart avtalt veke for veke. Litt uforutsigbart, men ungar og foreldre har takla det fint.

Vi hadde første kampen borte mot Nordlandet 27. august og avslutta med miniturnering på Dahle 14. november.



Laget har hatt stor framgang frå i fjor og i enkelte kampar hang dei godt med. I andre kampar vart det mange mål i mot, men laget har likevel holdt humøret oppe.



### Økonomi

Vi har ikkje hatt kiosksalg i år på grunn av smittevern. Derfor har det heller ikkje vorte noko innskudd i lagkassa.

Batnfjordsøra, 5. desember 2020

Lagledar Batnfjord G7/8

Ingvild Dverseth Sæter